

Til Alver kommune.

Skjelanger 09.05.2021.

Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommunedelplan Meland i Alver kommune.

Det vert søkt om frådelling av ein parsell på om lag 570kvm( nr.1) og ein parsell på om lag 200 kvm.( nr.3) til bustadføremaal frå gnr. 355 bnr. 4 på Skjelanger. Eigar Mette og Kåre Skjelanger. Parsellane er synt på kart i M=1:1000. Parsellen på 570 kvm. skal nyttast til bustadtomt for nåverande eigar av bnr. 4. Parsellen på 200 kvm, skal nyttast som tilleggsareal på alt bygd bustadtomt på bnr. 45 eigar Bente Johanne Husebø. Denne parsellen er makebyte med tilsvarande areal (parsell merka nr. 2) som skal frådelast bnr. 4 og skal leggjast til bnr. 45 . Dispensasjonsøknaden gjeld for både ny parsell frå bnr. 4 og makebyteparsellar frå bnr. 4 til bnr. 45 og frå bnr. 45 til ny parsell frå bnr. 4.

### **Kvifor ynskjer vi frådelling til bustadtomt?**

Som eigarar av dette gardsbruket ynskjer vi nå å overlata gardsbruket og drifta av dette til neste generasjon dvs. til vår dotter, mann og deira 2 born. Det er då mest praktisk og ynskjeleg frå vår side at den nye generasjonen overtar nåverande våningshus som bustad. Vi ynskjer då å byggje vår eigen bustad nær opptil dette våningshuset slik at vi og kan hjelpe til med drifta av garden, ferieavløysing m.m. Det er både viktig for oss og bør og vera viktig for fellesskapet, at gardsbruk blir driven på ein god måte og vidareført i same god stand som nå, til neste generasjon. Denne nye generasjonen kan då føre denne arven vidare på ein måte, som er til beste for dei sjølv, lokalsamfunnet, og storsamfunnet.

### **Plan- og bygningslova sitt formål.**

I formålsparagrafen til lova dvs. Prg. 1 1. linje står:» **Lova skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar**» Omsøkt frådelling med bustad vil på alle måtar stetta desse føremåla. Bygginga av bustad er til beste for den einskilde dvs. for nåverande eigar og nye brukarar. Til beste for samfunnet ved at bustadmiljøet og innbyggjartalet i krinsen vert styrka samt at infrastrukturen vert utnytta. Til beste for framtidige generasjonar ved at gardsdrifta vert førd vidare på ein god måte som kan vera med å sikra matproduksjonen i landet og ta vare på kulturlandskap og natur. I prg. 19-2 i Plan -og bygningslova er vilkåra for å gi dispensasjon fastlagd. Dispensasjon kan ikkje gis dersom omsyna bak vilkåra, som det blir gitt dispensasjon frå, eller omsyna til føremålsvilkåra i lova, vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må føremonene ved å gi dispensasjon vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon skal det og leggjast vekt på mogelege konsekvens for helse, miljø, jordvern, tryggleik og tilgjenge. I tillegg skal og statlege og regionale rammer og mål leggjast særleg vekt.

### **Tilhøve til overordna planar m.m.**

I kommuneplanen for Meland ,som nå er ein delplan for Alver kommune, er området avsett til LNF-område. I føresegnene for spreidd busetnad i kommuneplanen er det fastsett at det i Skjelangerområdet kan byggjast inntil 4 bustader utan regulering. Plassering av slike bustader bør skje i nærleiken av eksisterande bustader og med utbygd infrastruktur og utan